

STUDIEPLAN



Samfunn og utviklingsarbeid Modul I Modul II

kvar modul 30 studiepoeng

Godkjent januar 2001
Revidert utgåve juni 2010,
januar 2014,
Januar 2016 og februar 2018

Studieplan Samfunn og utviklingsarbeid

Innleiing

Studiet kan gjennomførast som heiltidstudium eller som deltidstudium over 2 år. Studiet er delt i to hovuddelar, modul I (30 studiepoeng) og modul II (30 studiepoeng). Samfunn og utviklingsarbeid består av en generell introduksjon til akademisk tenking, samfunnsvitskaplege metodar og endringsprosessar med særleg betyding for å forstå bygder og bygdeutvikling – nasjonalt så vel som i sør-kontekstar. Samfunn og utviklingsarbeid I og II utgjør første studieåret og dannar basiskunnskap for bachelorgraden nyskaping og samfunnsutvikling. Studiet er både teoretisk og praktisk orientert.

Modul I:

Innføring i akademisk tenking og metode 15 studiepoeng

Introduksjon til utviklingsarbeid I 15 studiepoeng

Modul II:

Introduksjon til utviklingsarbeid II 15 studiepoeng

Prosjektutvikling/prosjektarbeid 15 studiepoeng

Mål

Gjennom studiet samfunn og utviklingsarbeid I og II skal studenten få ei grunnleggjande forståing av akademisk tenking og metodar samt dei omfattande økonomiske, sosiale og kulturelle endringsprosessane som har prega og pregar norske så vel som internasjonale bygde- og lokalsamfunn.

Hovudemna som studiet består av, skal kvar for seg og til saman gje naudsynt forståing av grunnleggjande samfunns-/endringsprosessar med betyding for lokalsamfunnsutvikling. Gjennom studie i samfunn og utviklingsarbeid vil studenten oppnå kunnskap om korleis nytta lokale økonomiske, sosiale og kulturelle ressursar i breie og inkluderande mobiliseringsprosessar for å oppnå ei framtidretta/heilskapleg lokalsamfunnsutvikling.

Om studiet sine hovudemne:

1. Innføring i akademisk tenking og metode

Målet med dette hovudemne er å gje studenten generell forståing av akademisk teori (innafor samfunnsvitskap, filosofi og humaniora) og metodar, og å vise korleis akademiske analysar, konstruksjonar og modelleringar av verkelegheita kan vera gode handlings- og endringsverktøy for både individ og fellesskap i lokale samfunn. Gjennom samfunn og utviklingsarbeid modul II vil studenten få praktisk trening i bruk av eit utval teoriar og metodar i konkret feltarbeid, prosjektarbeid og prosjektoppgåveskriving.

2. Introduksjon til utviklingsarbeid I og II

Målet er å introdusere og arbeide med omgrepa/fenomena samfunn og samfunnsutvikling for å gje forståing av endrings- og utviklingsprosessar i norske lokalsamfunn så vel som lokalsamfunn i utviklingsland. Modul I tek blant anna utgangspunkt i internasjonale døme (sør- perspektiv), medan modul II set fokus på prosessar med betydning for korleis mobilisera til og driva godt forankra utviklingsarbeid i europeisk og norsk setting. Sentrale omgrep og teoriar knytt til introduksjon til utviklingviklingsarbeid I og II vil bl.a. vera:

- Lokal forankring, «Bottom-up-utvikling» og berekraftig utvikling
- Mangfald og inkludering
- Dialog som utviklingsreiskap
- Samfunnsentreprenørskap
- Empowerment, maktstyrking
- Handlingskapasitet gjennom nettverk og samspel/samhandling mellom ulike samfunnsaktørar

3. Prosjektutvikling

Målet er at studentane skal lære å arbeide vitskapleg generelt og med prosjektarbeid spesielt. Arbeidet med prosjektutvikling skal binde saman teori og metode frå studiet i eit praktisk feltkurs og oppgåveskriving. Prosjektarbeidet vil utfordra studentane til å finne relevante og gode problemstillingar, kjelder, informantar, gjennomføre intervju, gruppesamarbeid, -skrivning og -utforming av skriftleg prosjektoppgåve. Et viktig mål med felt- og prosjektarbeidet er at studentane skal få innsikt i korleis forstå og nyttiggjera seg av eit mangfald av lokale ressursar i eit inkluderande og godt forankra bygdeutviklingsarbeid.

Arbeidet med prosjektoppgåva er basert på gruppearbeid og føreset aktiv deltaking i prosjektutviklingsarbeidet og obligatorisk deltaking/frammøte på den staden som vert nytta som døme, prosjekt og praktisk felt-/studieobjekt.

Generelle mål for studiet

Utviklingstenking og -orientering skal vera integrert i heile bachelorstudiet. Studiet vil difor gje kunnskap og forståing om endring og utvikling både på individnivå og samfunn/ lokale samfunn. Kunnskap om samspel mellom eigne ressursar og samfunnet rundt er sentral. Dialog, kommunikasjon og verkstadmetodikk er verkty som studentane vert introdusert for gjennom samfunn og utviklingsarbeidsstudiet.

Etter avslutta utdanning i samfunn og utviklingsarbeid skal studenten kunne nytta tileigna teori, metodar og verkty til å identifisera lokale endringsbehov, ressursar og moglegheiter, samt starta, gjennomføra og leia eit konkret bygdeutviklingsprosjekt/-arbeid. Vidare er det eit mål at studenten skal utvikle ein kritisk og vurderande haldning – både til eigne òg andre sine «førforståingar» og val av endrings-/utviklingsvegar.

Læringsutbytte

Ein kandidat med fullført kvalifikasjon skal ha følgjande totale læringsutbytte definert i kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse.

Kunnskap:

- Har kunnskap om utfordringane som møter stader og lokalsamfunn i ei tid med raske økonomiske endringar, nye sosiale og kulturelle fenomen og miljørelaterte endringar.
- Har kunnskap om tema, teoriar, prosessar, verktoy og metodar innanfor samfunnsvitenskapelig verksemd og innanfor utviklingsarbeid
- Er i stand til å identifisere eksisterande sosiale, kulturelle og økonomiske ressursar i prosessen med å etablere nye utviklingsinitiativ, tiltak og verksemder.

Ferdigheiter:

- Meistrar fagtilpassa verktoy og tilnærmingar til probleidentifisering/løysing.

- Har kompetanse innan forskingsutforming og evne til å forstå og bruka teori og empirisk informasjon
- Har utvikla eigne evner til gruppearbeid og samarbeid.
- Har utvikla evner til akademisk skriving

Generell kompetanse:

- Kan formidle sentralt fagstoff som teoriar, problemstillingar og løysningar både skriftleg, munnleg og gjennom andre relevante uttrykksformer
- Er i stand til å identifisere og finne den kunnskap som er naudsynt for å arbeide sjølvstendig med sosial, kulturell og/eller økonomisk verdiskaping.

Målgruppe for studiet

Alle som ønsker å utvikla sin personlege og generelle kompetanse og kunnskap om bygder og lokalsamfunnsutvikling. Studiet gir både teoretisk og praktisk kompetanse som kan nyttas privat, i organisasjonsarbeid og i eit breitt spekter av utviklingsorienterte yrker.

Opptakskrav

Opptakskravet er generell studiekompetanse. Realkompetanse kan også vurderas ved opptak.

Studiets oppbygning

Studiet er bygd opp av to modular. Modul 1 gir innføring i studiets hovudemne. Modul 2 bygger på modul 1 og gir djupare og breiare forståing samt praktisk trening i korleis forstå og driva lokalt utviklingsarbeid. Kvar modul vert avslutta med eksamen.

Undervisning i kvart emne/modul vert gjennomført parallelt og består normalt av samlingar/undervisning over tre dagar.

Undervisnings- og arbeidsformer

HLB samarbeider med ein rekkje studiesenter og tilbyr studentane å følge undervisninga direkte via videokonferanse.

Undervisning vert gjeve i form av førelesingar, drøftingar, oppgåveløysing, gruppearbeid og skriftlege innleveringar (mappeevaluering). Prosjektutvikling og praktisk bruk av teori, metode og empirisk analyse i feltsituasjon samt oppgåveskriving er også del undervisnings- og læringsforma. HLB nyttar den elektroniske læringsplattforma Moodle.

Arbeidsform og -omfang i dei ulike hovudemna er grunna på føresetnaden om at eit studieår omfattar 60 studiepoeng fordelt over ca. 38/40 veker. Arbeidstid til kvart studiepoeng tek omsyn til tid til å delta i undervisning, gruppearbeid, eige studie/studietid, feltkurs/studietur, innleveringar og eksamen.

Vurderingsformer

Arbeidskrav:

I løpet av studietida ver det stilt ulike arbeidskrav og –tid til studentane. Arbeidskrav kan vera individuelt innlevert skriftleg oppgåve, framføring/innlevering av arbeid utført i gruppe, eller ein kombinasjon av dette. Obligatorisk frammøte og aktiv deltaking på feltkurs er eit arbeidskrav på Samfunn og utviklingsarbeid modul II. Faglærarar gir alltid tilbakemelding på undervegsinnleveringar.

Arbeidskrav må vera godkjent før studenten kan framstille seg til eksamen.

Eksamen:

Det vert avlagt to eksamenar i løpet av studiet i samfunn og utviklingsarbeid, ein ved slutten av modul I og ein ved slutten av modul II.

Eksamen i modul I består av innleverte oppgåver/mappe og munnleg høyring i relevante emne/pensum i faget. Til eksamen i modul I vert vurderingsuttrykka bestått/ikkje bestått nytta.

I modul II består eksamensforma av skriftleg innlevert prosjektoppgåve og ei munnleg framlegging av oppgåva. Prosjektoppgåva skal vera utarbeidd, skriven og leggjast fram som gruppearbeid. Gruppa vert også høyrte i relevant litteratur frå kurset og i teoretiske, metodiske, analytiske løysingar av/frå prosjektoppgåva.

Det vert nytta bokstavkarakter på eksamen. A, B, C, D, E vert nytta for bestått og F for ikkje bestått.

Vurdering av studiet

Her følger en oversikt over studiet sine ulike vurderingsformer. Vurderingar i studiet omfattar studentvurderingar, studentvurdering av studiet, vurdering frå eksterne sensorar og andre eksterne brukarar og samarbeidspartar av HLB.

	Vurdering undervegs	Avsluttande vurdering
Vurdering av student	Vurdering undervegs. Skriftleg og munnleg vurdering av arbeid og arbeidskrav i dei enkelte hovudemna.	Eksamen: mappe innlevering, prosjektrapport, munnleg presentasjon og individuell munnleg høyring
Vurdering av studiet	Studiediskusjon undervegs Vurdering av de ulike hovudemna gjennom evaluering og tilbakemeldingar frå studentar og faglærarar.	Sensorrappport (fra de eksterne sensorane – om oppgåvene og om eksamensresultatet) Sluttevaluering frå studentane.

